

som me var vane med sa me ikkje noko til læraren, så ho gjekk heile dagen utan å drikke. Det er sjølv sagt for meg den dag i dag at det måtte bli slik, me tenkte ikkje på å be læraren om noko hjelp.

Ottar fortel at det han hugsar frå turen er at Steinar Brun hadde med seg 15 vaffelkaker i tillegg til ei stor niste. Gjertrud i Kroken seier ho hugsar at det var seigt får Viva og opp. Sjølv hugsar eg best siste stykkjet før Viva, då verka alt uendeleig og heitt og tungt. Men eit kvile då hjelpte, slik at eg letna. Eg hugsar elles at me vart fortalte om Vivafanten, som budde på Viva og tok livet av ferdafolki som gjekk forbi. Nifse historier som det likevel gjekk an å takle på høglys dag.

På kvar vår vis nådde me Styggenvasshytta. Frå hytta hugsar eg den fantastiske opplevinga det var at me kunne handle der, og at eg kjøpte sitrondrops og ei lita rosinpakke.

Så åt me vel litt niste på hytta, det

var uaktuelt å lage noko varmt måltid, for her måtte det gå unna! Så var det marsj, på Handspiki. Eg hugsar det var seigt å starte oppatt, Magnhild seier ho kan ikkje hugse det – ho hadde vel fått blanda safta si på hytta og var god i form att. Uansett, seigt eller ikkje, me kom oss på Handspiki, og for både meg og Magnhild var det nok høgdepunktet på turen. Eg har eit klårt minne frå at me stod på Handspiki, såg dei runde fjelli på Austlandet, så snudde me oss og såg dei blå votni ligge under oss med breane uti. Og på toppen syntte ein av dei vaksne oss sprekkene i fjellet, tome rosinpakker vart kasta ned i og me hørde kor dei fall i det uendelege.

Resten er mest skodde for meg. Me hadde vore grytidleg oppe, gått seks timer eller meir, før me snudde og byrja på heimvegen. Det einaste eg hugsar frå heimturen er at Jenny såg Vivafanten då me kom ned att på Viva, og eg trudde i grunnen eg såg

han, eg og. Då var det langt ut på ettermiddagen og tyngre skuggar kring fjelli. Ein kunne bli redd av mindre. Men elles hugsar eg berre: Flytte føtene, flytte føtene, gå og gå. Jenny seier sjølv at det einaste ho hugsar er at ho var heilt ferdig, og visste ikkje å greie å gå på slutten. Eg hugsar ikkje at me fekk att sengkleda våre på Fåbergsstølen, men det gjorde me nok, heller ikkje at me kom oss inn i drosja, men eg hugsar at me svinga av i Fåberg og at Steinar gjekk ut. Det neste er stova på nedste Grov, der eg ser meg stå på golvet før eg nådde sengi i vittekammerset. Så opp med posen med sitrondrops og suge seg i sovn.

Men ingen veit kvifor planane om overnatting vart endra, og ingen veit kva som føregjekk i hovudet på lærarane som la i veg på ein slik tur med 10, 11 og 12-åringar.

Kari Grov

Straum i 50 år

- Alle lampar stod på i alle heimar. Aldri har Jostedalen vore så lys som då, seier Kristen Bakken. Han tenker tilbake på dagen i mars 1958 då han og utbyggingsassistenten i kraftlaget kørde i bil frå Myklemyr og framover og slo inn brytarane på stolpane, ein etter ein. Nettet stod endeleg ferdig, og straumen kunne koplast inn i heile bygda.

Ein månad seinare var det årsmøte i L/L Jostedal kraftlag i Dølaheimen. "Ljos og kraft til alle heimar i Jostedal", lydde overskrifta i Sogn og Fjordane (9.4.58). "Det er resultatet av det ein i mange år har sett fram mot i von og venting, i tru og mistru, men no lyser og varmar det i heimane – og mørket lyt på dør i heim og hug, og grunnlaget er kome for tiltak, framgang og trivnad," heiter det høgstemt i avisat.

- Korleis kom du med i arbeidet

for straumen, Kristen?- Eg vart ordførar i 1945/46 og tok opp i kommunestyret at me burde arbeide for å få straum til bygda. Etter å ha undersøkt korleis ein burde gjere det, fekk me i gang eit kraftlag, seier Kristen.

Jostedal kraftlag hadde eit førebundande skipingsmøte i Dølaheimen i mai 1946, og den 17. april 1947 vart kraftlaget formelt skipa med heile 296 luteigarar. Hallvard Hesjevoll vart formann og 27-åringen Kristen nestformann i styret, og dei stod i verva til 1959.


- Var det lett å få folk til å teikne seg? - Ja! Me var to grøndemenn i kvar krins, og Erik Grov og eg gjekk Krundalen. Me greidde berre halve krinsen på ein dag – det vart så mykje kaffi at eg vart liggjande sjuk dagen etter.

I april 1956 kom så brevet som sa at Noregs vassdrags- og elektrisi-

tetsvesen gav eit statstilskot på kr 460 000. Aksjekapitalen var på kr 94 000 og heile utbygginga budsjettert til kr 930 000. Resten av pengane kom på plass, og arbeidet med å byggje ut linenetet kunne no setjast i gang. Drygt halvparten av kostnaden var bygging av høgspentlinna frå Gaupne, som A/S Betonmast fekk anbodet på. Arbeidet med å byggje ut lågspentnettet på 43 km vart leia av kraftlaget sjølv. Jostedal kraftlag var såleis eit reint fordelingsverk (nettelskap) som henta krafta utanfrå utan å satse på utbygging av eigen kraftproduksjon i dalen.

Den seine utbygginga i Jostedalen hadde i allfall ein positiv verknad. "Det er sikkert få bygder som har så heilt moderne elektriske komfyrar m.m. som Jostedal," skreiv avisat.

- Det kom ei heil jarnbanevogn med komfyrene våre frå Sarpsborg



Ein straumpioner på kontoret sitt.

til Flåm. Då lurte dei godt der, humrar Kristen. Han selde komfyrar og anna elektrisk utstyr.

Jostedal kraftlag overlevde kommunesamanslåinga i 1963, men 22. juni 1983 var kraftlaget historie. Då gjekk kraftlaget i dei tre gamle kommunane saman til nye L/L Luster kraftlag (i dag Luster energiverk).

Like etter krigen var det berre to andre herad i fylket heilt utan kraft, Gauland og Solund, og Jostedalen vart det siste heradet i fylket som fekk straum. Men elektrisk kraft var slett ikkje noko framandt i området vårt. Det første kraftverket i fylket var på Harastølen og kom i drift i 1902. I 1915 var så "Lyster elektricitetsverk" skipa for å skaffe straum til abonnentar i heradet, og same året fekk dei i drift eit kraftverk på Døsen. Dette var etter måten tidleg. Det første kraftverket i Noreg som leverte straum til abonnentar, var eit kraftverk i Skien 1885, og kring Fyrste verdskriga kom arbeid i gang i mange bygder for å få til

straumforsyning til vanlege husstandar.

Mange stader gjekk private i gang med det som i dag vert kalla mikrokraftverk. I Jostedalen fekk Lars A. Bakken i stand eit lite kraftverk i Sagarøyelvi i 1943/44. Herifrå fekk dei straum i Øvregarden, Sagarøy, Bukti og dei to husa i Bakken. Linenettet var 6 mm jarntråd.

Men bygda måtte likevel vente heilt til 1958 på den vanlege straumforsyninga. I soga om kraftforsyninga i Luster seier historikaren Per Sandal at han ikkje kan forklare kvifor. Så me spør Kristen. - I ungdomen hugsar eg karane sat og prata og ikkje hadde mykje tru på dette. "Me får ikkje noko før alle andre har fått", sa dei. Men hadde me vorte med på Årøy-utbygginga, ville det ordna seg. Men dette får du ikkje skrive, seier Kristen.

Då Sognekraft sitt kraftverk i Årøy stod ferdig i 1943, fekk heile Hafslo bortsett frå Veitastrand straum derifrå. Det same fekk Sogndal,

Leikanger og delar av Luster.

- Men likevel gjekk det 11-12 år frå kraftlaget var skipa og til straumen kom. Kvifor? - Då var det ikkje straum å få tak i. Me måtte vente til Sognekraft sine anlegg i Vik stod ferdig i 1958.

I juni 1958 oppsummerte fylkestinget at 2300 menneske i fylket framleis vanta straum. Dette galdt avsidesliggende bygder og gardar, flest i Hyllestad, Solund og Leikanger (Frønningen). Sist i nærområdet vårt var Leirdalen og Luster som fekk straum etter Jostedalen våren 1958. I 1968 var så dei aller siste "mørke" gardane i fylket oppdekte.

Oddmund L. Hoel

Kjelder:

Avisa Sogn og Fjordane, 9.4., 16.4. og 2.6.1958.

Leiv Nordstrand: "Lys og kraft til bygdens behov...". Kraftforsyninga i Sogn og Fjordane 1893-1993. Sandane 1993.

Per Sandal: Kraftforsyninga i Luster 1915-1990. Luster 1993.